

Knarvik, 22.09.2014.

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Kommentarar til Knarvik Planen.**

Det er mange positive trekk i forslaget til Knarvik plan som ligg ute til offentleg ettersyn fram til 22.september 2014.

Slik eg har forstått plan dokumenta er det i forslaget lagt opp til at ein berre får bruka området BBB1(Reigstad eigendommen) til bustad føremål og ikkje til butikk/nærings føremål slik som det har vore i tidligare planar. At det er lagt opp til maks 5 etasjar mot E-39 og redusert til 3 etasjar mot SKV 17 og BFS(eksisterande bustadar) er og bra.

Dette ser me som svært positivt for oss som bur i nærområdet.

At området mellom eksisterande bustadar i aust og det sentrums nære området BS 18 er lagt inn eit grønt område GF3 som er tenkt brukt til leikeplass/park er kjempe positivt. Her var det planlagt bustader i den tidligare planen.

At det er planlagt ein ny overvassleidning som går i ei meir rett linje frå E-39 og mot Kvassnesstemna er og bra (stipla linje på kartet).

**Eg har lenge vore skeptisk til at den eksisterande leidningen som går mellom eigedommene her som me bur er dimensjonert for all**

**den utbygginga som vil koma frå nye kyrkjegarden og til idrettsbana.**

**Når ein skal til rette leggja for grønt areal/leikeplass på området GF3 må det takast omsyn til oss som nærmaste nabo. Området og spesielt den fremste delen mot GF4 består i dag av veldig mykje fyllmasse. Dette området bør tilbake først til eksisterande høgde som det hadde før desse steinmassane vart tilkjørt. Slik at ein kan få ein fin sti eller trapp ned mot friområdet GF4. Mot oss bør det lagast ein slags skjerming. Her er lofts nivået vårt i dag omtrent lik høgda på terrenget på GF3.**

**Når byggesøknaden for vår eideom 188/501 vart behandla måtte me byggja mykje lågare enn det me hadde planer om, pga av omsynet til naboen på 188/500.**

**Dette må det takast omsyn til når ein lagar til dette området på GF3.**

Med helsing

Gerd og Ingar Hopland

Kvassnesvegen 28

Gnr. 188/501